

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.10.2020

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Jan Tore Huus, Oddmund Skeie, Runar J. Haugen og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Angunn Handegard Trå

Referent: Kaia

Sak 2020/53: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/54: Godkjenning av referat frå styremøte 08.09.20; godkjent

Sak 2020/55: Eigedomar:

- Framlegg til nye/reviderte utleigeprisar for Herand Kulturhus v/Kaia. Godkjent, vert offentleggjort.
- Avtale med Sigmund Eiken om tilsyn og utleige av kulturhuset. Kasserer har laga ein avtale med Sigmund. Styret har godkjent avtalen, og ser til at den vert signert av partane.

Sak 2020/56: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte av turistsesongen 2020 vart gjennomført 06.10.2020. Det møtte 15 personar frå lokale interesser i reiseliv. Kaia sender notat etter møtet til deltakarane. To saker som vart diskutert der bygdelaget kan vere med å bidra var:
 - ✓ P-plass på Åsleite ved turstien til Samlen. Dette må sjåast i samanheng med oppgradering av sti/shepatrappar. Det må avklarast kva moglegheiter som er for parkering.
 - ✓ Fartsdempere ved båthamna/Meieriet, fartsgrense 30 km/t. Dette har vore jobba for tidlegare utan resultat. Kramsjø har uttalt at dei vil arbeide vidare med dette. Bygdelaget vil ta saka vidare med som innspel til arealdelen i den nye samfunnsplanen i Ullensvang kommune som skal ut på høyring snart.
- Tenning av julegran i båthamna. Det har kome spørsmål frå styret i Herand Bedehus v/Arjen om å kombinere tenning av gran med laurdagsgraut/kvardagsskule med forslag om 28.11. i bedehuset. Me ynskjer arrangementet laurdag 28.11. Bygdelaget set opp julegran i båthamna og gjer denne klar for tenning. Om smittetilhøva tillet det, vil bygdelaget sørge for litt julegodt i båthamna.
- Romjulsbasaren. Grunna smitteverntiltaka, vert det dette året vanskeleg å skipa til romjulsbasar i gymsalen 29.12. Bygdelaget vil ha loddsal på bøker i desember, med mange flotte gevinstar. Innsamling av desse har starta, og me er svært glade for alle bidrag!

Sak 2020/57: Liv og Lyst konferansen 2020:

- Reidun Haugen Dalseth deltok på digitalt møte, HB får referat etter møtet.

Sak 2020/58: Økonomi

Ingen saker.

Sak 2020/59: Haustdugnad:

- Oppsummering. Rundt 20 personar var i sving i kulturstien og kulturhuset/bygda. Rydding av sti, slått rundt kulturhuset, rydding av bed og anna, måling av grunnmur, benkar/blommapottar er kome under tak. Den eine motorljåen til bygdelaget fungerte dårleg. Me ser om det er mogleg å få reparert den, om ikkje, må ein ny kjøpast til våren. Det må og kjøpast meir maling til muren på kulturhuset, så den kan malast ferdig. Takk for innsatsen!

Sak 2020/60: Nærmiljøanlegget:

- Status. Søknad om tippemidlar er sendt til Ullensvang kommune. Det er og sendt søknad om midlar til eit par fond. Me fortset søkinga etter kvart som fonda har frist. Totalt har prosjektet eit budsjett på om lag 2 millionar kroner.

Sak 2020/61: Andre saker/eventuelt:

- Ladestasjon elbil, status. Landhandleriet ved Bjørsvik skal undersøke saka vidare.
- Herand Landhandleri; Gunnar Dalseth som styremedlem i Landhandleriet har etterspurt generalforsamling. Denne vil bli halde som eit digitalt møte dette året. Innkalling kjem.

Neste styremøte tysdag 10.11.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus